



## Notat

**Vår ref.**

18/23/FA-C00/49/95256201

**Dato:**

23.10.2018

### Referat frå tildelingsmøte kulturbyggingsfond 22.10.18

Arbeidsgruppe for kulturbygging hadde sitt fyrste tildelingsmøte i Martin Linge-huset måndag 22. oktober 2018. Dei som møtte var: Terese J. Moen, leiar, Torill Brastad, nestleiar, Odd Lennart Vikene, Ilyas Thomas Øcalan, Roger Lillebø, Nelly Ytterli, Ellinor Ruset, Jonas Falch, Helga Øvrebust, Vibeke Helland. Forfall: Johan Overaa og Sigve Nydal. Møtetidspunkt: 17:30-19:00

Leiar gjekk igjennom dei innkomne søknadane som på førehand var sendt ut til alle medlemmane på e-post. Det er kome inn sju søknadar innan fristen, og ein søknad fleire dagar etter frist for levering. Arbeidsgruppa for kulturbygging valte å ikkje handsame den sist innkomne søknaden, då den kunne danne presidens for seinare tildelingsrundar. Laget det gjeld vert oppmoda om å søkje på nytt.

Det er søkt om totalt kr. 65 000. Arbeidsgruppe for kulturbygging set seg godt inn i søknadane, og ser at det i fleire tilfelle er uklart kva laga eigentleg søker om midlar til. Det vert derfor bestemt at tildelingsbrevane skal innehalde ei presisering til kvar enkelt av søkerane. Sekretær for arbeidsgruppa vil utforme forslag til tildelingsbrev, og sende over til styringsgruppa for godkjenning.

SØKJAR	BYDSJETTERT KOST	OMSØKT	TILSAGN 22.10.18
Byrg Kompetanse	30 000	10 000	5 000
Stordal Folkedanslag	10 000	5 000	5 000
Stordal ungd.klubb og ungdomsrådet	35 000	10 000	10 000
Andershaugen barnehage	9 000	10 000	5 000
Stordal IL Langrenn	15 000	10 000	10 000
Stordal Frivilligsentral	20 000	10 000	10 000
Norddal og Stordal HTV	37 500	10 000	10 000

Totalt er det bevilga kr. 55 000 til lag og organisasjonar i den fyrste av fire tildelingar.

Budsjett for prosjektperioden 2018-2019 er på 300 000,-. Den skal gje økonomisk støtte til lag, foreningar, organisasjonar og næringsliv med tanke på felles tiltak, og fordleinga skal vere slik:

1. kr 150 000 pr. år til lag og organisasjonar etter kriterium utforma av prosjektgruppa for kulturbygging og godkjend av fellesnemnda.
2. kr 50 000 til tiltaksmarkeringar, fellestiltak etter kriterium utforma av prosjektgruppa for kulturbygging og godkjend av fellesnemnda.

Tilskotet vert utbetalt etter gjennomføring og innlevering av rekneskap/dokumentasjon.

Meir om arbeidsgruppa for kulturbygging kan du lese om i prosjektplanen for Fjord kommune.  
<http://www.fjord.kommune.no/nye-fjord-kommune/bakgrunn/prosjektplan/>

Dei som er med i arbeidsgruppe for kultur og kven som sit i styringsgruppa kan du lese meir om under delprosjekt- kulturbygging. Her ligg også revidert reglement og søknadsskjema for neste tildeling 15. januar 2019.

<http://www.fjord.kommune.no/nye-fjord-kommune/delprosjekt/kulturbygging/>

Med helsing

Hilde Dyrkorn  
prosjektleder